



Utval:	<b>Kommunestyret</b>
Møtestad:	Møterom, Midsund omsorgssenter
Dato:	15.12.2016
Tid:	12:00

**Faste medlemmar som møtte:**

Namn	Funksjon	Parti
Odd Helge Gangstad	LEDER	SP
Frits Inge Godø	NESTL	V
Magne Reiten	MEDL	SP
Anette Giæver Hoel	MEDL	SP
Liv Sissel Fanum	MEDL	SP
Bjørn Wang	MEDL	V
Lars Joar Hagseth	MEDL	AP
Nora Helen Dyrseth Blø	MEDL	AP
Oline Blø	MEDL	AP
Inger Lise Trønningdal	MEDL	H
Adrian Sørli	MEDL	H
Kolbjørn Ove Stølen	MEDL	H
Randi Anna Hånes	MEDL	H
Robin Mikal Sørli	MEDL	H
Arnstein Misund	MEDL	KRF
Rolf Kristiansen	MEDL	FRP

**Faste medlemmar som ikkje møtte:**

Namn	Funksjon	Parti
Ann Kristin Holten	MEDL	V

**Varamedlemmar som møtte:**

Namn	Vara for:	Parti
Inga Kristin Godø	Ann Kristin Holten	V

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Ketil Ugelvik	Rådmann
Arild Sjøvik	Økonomisjef
Inge Rakvåg	Teknisk sjef
Siv Janne Håseth-Eik	Rådgevar oppvekst
Astrid Abelseth	Utvalsekretær
Malvin Gjendem Bjørnerem	Utvalsekretær

## Underskrift:

Vi stadfester med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Odd Helge Gangstad

Anette Giæver Hoel

Arnstein Misund

## SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 16/97	Underskrift	
PS 16/98	Referatsaker Open post	
PS 16/99	Gebyrregulativ for vatn og avløp 2017	2016/598
PS 16/100	Gebyrregulativ for renovasjon og slam 2017	2016/599
PS 16/101	Gebyrregulativ for feiing 2017	2016/600
PS 16/102	Val av representantar til ungdomsrådet	2016/602
PS 16/103	Kommunal planstrategi 2016-2020	2016/388
PS 16/104	Budsjett 2017 - Økonomiplan 2018-2020	2016/581
PS 16/105	Reguleringsplan Nygårdsvika Marine gnr. 52 bnr.4 og 22	2016/153
PS 16/106	Budsjettendringar 2016 Interpellasjon frå Midsund Senterparti	2016/634

Det vart halde møte i Midsund kommunestyre den 15.12.16 på Midsund Omsorgsenter. Møtet vart leia av ordførar Odd Helge Gangstad. Møtet tok til kl 12:00.

Ann Kristin Holten (V) hadde meldt forfall til møtet og Inga Kristin Godø (V) møtte som vara. 17 voterande, fulltaleg og vedtaksfør.

Møtet tok til med at ei avdeling frå Gjerdet Barnehage kom og song julesongar og delte ut peparkaker og mandarin.

Ordførar gav ei lita oppmerksemd til journalist Agnar Gjendem som dekkjer sitt siste kommunestyremøte for Romsdals Budstikke.

Innkallinga vart godkjent.

### Sakliste

Ordførar fremma spørsmål til kommunestyret om dei kunne handsame saker om reguleringsplan Nygårdsvika og budsjettendring for 2016. Saksdokumenta vart delt ut.

Det vart samrøystes vedtatt.

Ny saksnummer på saklista:

16/105 Reguleringsplan Nygårdsvika Marine gnr. 52 bnr.4 og 22

16/106 Budsjettendringar 2016

OPEN POST

Leiar i valnemda Lars Hagseth (AP) tok opp igjen sak 16/91 i frå førre møte, der Georg Hole fikk fritak frå politiske verv, men valnemda ikkje hadde funne nokon erstattar.

**16/91 Søknad om fritak frå politiske verv – Georg Hole**

**Behandling i Kommunestyret 15.12.16**

Karle Lervik vert vald som medlem av Eldrerådet. Svein Misund vert vald som leiar til Eldrerådet.

**Samrøystes vdtak i Kommunestyret 15.12.16**

Karle Lervik vert vald som medlem av Eldrerådet. Svein Misund vert vald som leiar til Eldrerådet.

Rådmannen orienterer om status for Antonbua og nytt administrasjonsbygg.

Varaordførar Frits Inge Godø (V) ønskjer at kommunestyret kan kome med ein tydeleg beskjed om viktigheita av Møreaksen med tanke på ein del medieoppslag om Romsdalsaksen.

Kommunestyret gjev ordførar Odd Helge Gangstad (SP), varaordførar Frits Inge Godø (V) og Inger Lise Trønningdal (H) fullmakt til å kome med ein uttale på vegne av Midsund kommune.

Lars Hagseth (AP) la fram ein ny versjon av interpellasjon i frå førre møte. Det vart gjort nokon små justeringar på teksta.

Midsund Kommunestyre stiller seg samrøystes bak uttalen.

Magne Reiten (SP) la fram interpellasjon frå Midsund Senterparti, der dei ber rådmannen legge fram ei sak for kommunestyret i løpet av 2017, som gir oversikt over kva som må til for å kunne prioritere prosjekta i budsjett og økonomiplan, og starte gjennomføring.

Midsund Kommunestyre stiller seg samrøystes bak interpellasjonen.

Det vart delt ut ny møteplan for 2017.

**PS 16/97 Underskrift**

**Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016**

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vart Anette Giæver Hoel og Arnstein Misund valt.

## PS 16/98 Referatsaker

### Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

Protokoll frå møte i Midsund kommunestyre den 10.11.16 vart godkjent.

### PS 16/99 Gebyrregulativ for vatn og avløp 2017

#### Forslag til vedtak:

1. Med heimel i "Lov av 31.mai 1974 nr. 17 om kommunale vass – og kloakkavgifter og Kap. 11 i Forskrift om begrenning av forurensing (forurensingsforskriften) fastsatt 01.06.2004 og Forskrift om vass – og avløpsgebyr i Midsund kommune" blir Gebyrregulativ for vatn og avløp 2017 vedteke slik det ligg føre.
2. Midsund vassverk og Midsund avløp skal ha sjølvkostutrekning i samsvar med KRD sin rettleiar.

#### Vatn

Dette gjev eit vassgebyr for 2017, auke på 8 %, inkl. mva på:

- Abonnementsgebyr (bustadhus) på kr. 2.685,- øvrige kategoriar blir justert med same faktor.
- Forbruksgebyr kr/m<sup>3</sup> 9,38 gjeld alle.

#### Avløp

Dette gjev eit avløpsgebyr for 2017, reduksjon på ca. 30 %) inkl. mva på:

- Abonnementsgebyr (bustadhus) på kr. 2.176,- øvrige kategoriar blir justert med same faktor.
- Forbruksgebyr kr/m<sup>3</sup> 10,44 gjeld alle.

#### Vassmålar

- Leie av vassmålar inkl. mva kr. 320,- pr år.

#### Tilknytning

Tilknytning for vatn og/eller avløp, pr tilknytning, inkl mva:

Tilknytingsgebyr vatn kr/m<sup>2</sup> 69,-.

- Minstegebyr for tilknytning med bygningsareal er kr. 6.900,- (100 m<sup>2</sup> \* 69,- kr/m<sup>2</sup>)

Tilknytingsgebyr avløp kr/m<sup>2</sup> 69,-.

- Minstegebyret for tilknytning utan bygningsareal er kr. 2.070,- (30m<sup>2</sup> \* 69,-kr/m<sup>2</sup>)

### Samrøystes vedtak i Formannskapet - 28.11.2016

Forslag til vedtak vert samrøystes vedteke.

## **Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016**

Forslag til vedtak vert samrøystes vedteke.

## **PS 16/100 Gebyrregulativ for renovasjon og slam 2017**

### **Forslag til vedtak:**

Med heimel i forurensingslova § 34, blir gebyr for renovasjon -og slamtømming for 2016 vedtakene slik:

1. Renovasjonsgebyr inkl. mva:  
Normalgebyr hushold kr. 2.863,- andre kategorier blir justert med same faktor.
2. Slamgebyr inkl. mva:  
Normalgebyr hushold kr. 1.393,- andre kategorier blir justert med same faktor.

## **Behandling i Formannskapet - 28.11.2016**

Nytt forslag til vedtak:

*Med heimel i forurensingslova § 34, blir gebyr for renovasjon- og slamtømming for 2017 slik:*

1. Renovasjonsgebyr inkl. mva:  
*Normalgebyr hushold vert redusert frå kr 4.379,- i 2016 til kr. 2.863,- i 2017, andre kategoriar vert justert tilsvarande.*
2. Slamgebyr inkl. mva:  
*Normalgebyr hushold vert auka frå kr 1.380,- i 2016 til 1.393,- i 2017, andre kategoriar vert justert tilsvarande.*

## **Samrøystes vedtak i Formannskapet - 28.11.2016**

Med heimel i forurensingslova § 34, blir gebyr for renovasjon- og slamtømming for 2017 slik:

1. Renovasjonsgebyr inkl. mva:  
Normalgebyr hushold vert redusert frå kr 4.379,- i 2016 til kr. 2.863,- i 2017, andre kategoriar vert justert tilsvarande.
2. Slamgebyr inkl. mva:  
Normalgebyr hushold vert auka frå kr 1.380,- i 2016 til 1.393,- i 2017, andre kategoriar vert justert tilsvarande.

## **Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016**

Med heimel i forurensingslova § 34, blir gebyr for renovasjon- og slamtømming for 2017 slik:

1. Renovasjonsgebyr inkl. mva:  
Normalgebyr hushold vert redusert frå kr 4.379,- i 2016 til kr. 2.863,- i 2017, andre kategoriar vert justert tilsvarande.
2. Slamgebyr inkl. mva:

Normalgebyr hushold vert auka frå kr 1.380,- i 2016 til 1.393,- i 2017, andre kategoriar vert justert tilsvarende.

### **PS 16/101 Gebyrregulativ for feiing 2017**

#### **Forslag til vedtak:**

Med heimel i forskrift om brannførebyggande tiltak og tilsyn vert det lagt fram forslag om følgjande gebyr for feieteneste 2017:

1. Vanleg skorsteinsløp (pipe) kr. 571,- pr. pipe inkl. mva.
2. Fjerning av beksot – fresing av skorsteinsløp, samt feiing av spesial skorsteiner og anna arbeid utført av feiarvesenet, timesats kr. 840,-.

### **Samrøystes vedtak i Formannskapet - 28.11.2016**

Med heimel i forskrift om brannførebyggande tiltak og tilsyn vert det lagt fram forslag om følgjande gebyr for feieteneste 2017:

1. Vanleg skorsteinsløp (pipe) kr. 571,- pr. pipe inkl. mva.
2. Fjerning av beksot – fresing av skorsteinsløp, samt feiing av spesialskorsteiner og anna arbeid utført av feiarvesenet, timesats kr. 840,-.

### **Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016**

Med heimel i forskrift om brannførebyggande tiltak og tilsyn vert det lagt fram forslag om følgjande gebyr for feieteneste 2017:

1. Vanleg skorsteinsløp (pipe) kr. 571,- pr. pipe inkl. mva.
2. Fjerning av beksot – fresing av skorsteinsløp, samt feiing av spesialskorsteiner og anna arbeid utført av feiarvesenet, timesats kr. 840,-.

### **PS 16/102 Val av representantar til ungdomsrådet**

#### **Forslag til vedtak:**

Midsund ungdomsråd 2016/2018 vert følgjande:

Siril Ræstad, leiar  
Simon Sandnes, nestleiar  
Julie Kristin Todal  
Viktor Lyster  
Andrea Hånes

Varamedlemar:

1. Simone Obiech
2. Heine Blø
3. Amalie Høgset Raknes
4. Sunniva Jensen

### **Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016**

Midsund ungdomsråd 2016/2018 vert følgjande:

Siril Ræstad, leiar  
Simon Sandnes, nestleiar  
Julie Kristin Todal  
Viktor Lyster  
Andrea Hånes

Varamedlemar:

1. Simone Obiech
2. Heine Blø
3. Amalie Høgset Raknes
4. Sunniva Jensen

### **PS 16/103 Kommunal planstrategi 2016-2020**

Forslag til vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 10-1, vert den kommunale planstrategien 2016-2020 for Midsund kommune godkjent.

### **Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016**

Med heimel i plan og bygningslova § 10-1, vert den kommunale planstrategien 2016-2020 for Midsund kommune godkjent.

### **PS 16/104 Budsjett 2017 - Økonomiplan 2018-2020**

**Forslag til vedtak:**

Rådmannen legg fram for formannskapet ei balansert skisse til budsjett for 2017 og økonomiplan for 2018 – 2020.

### **Behandling i Oppvekst- og kulturutval - 24.11.2016**

Rådmann Ketil Ugelvik orienterte om budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020.  
Rektor Stian Løken orienterte om situasjonen for Midsund skule.

Fellesforslag frå oppvekst og kulturutvalet:

«Budsjettet tas til etterretning. Kultur og oppvekstutvalet ser med bekymring på utviklinga og

lurer på om vi er innafør forsvarleg drift av våre skular. Nasjonale føringar kan ved dette budsjettet bli vanskeleg å tilfredsstillе/ oppnå.»

Randi Anna Hånes måtte gå i frå møtet.

Utvalet hadde då berre 3 voterande og var ikkje vedtaksfør.

### **Vedtak i Oppvekst- og kulturutval - 24.11.2016**

Utvalet var ikkje vedtaksfør.

### **Behandling i Helse- og omsorgsutval - 24.11.2016**

Einingsleiar Leif Arne Lagesen orienterte om budsjettprosessen og omorganiseringar i helse og omsorgssektoren.

Rådmann Ketil Ugelvik orienterte om budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020.

### **Samrøystes vedtak i Helse- og omsorgsutval - 24.11.2016**

Rådmannen legg fram for formannskapet ei balansert skisse til budsjett for 2017 og økonomiplan for 2018 – 2020.

### **Behandling i Formannskapet - 28.11.2016**

Formannskapet la fram slikt forslag til vedtak:

1. *Midsund kommunestyre vedtek budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020 i samsvar med framlegg frå formannskapet.*
2. *Budsjettet er bindande for drifta i kommunen.*
3. *Til finansiering av investeringer tek Midsund kommune opp 16 million kroner i lån til Antonbua kontor og næringshage, 4 million kroner til fotballhall og 14,1 million kroner til VA investeringer. Øvrige investeringer finansieres med ubrukte lånemidler.*
4. *Midsund kommune søker Husbanken om 3 million kroner i lån til Startlån.*
5. *Samla budsjetterte overføringar til Midsund sokn i 2017 på tilskot og tenesteyting kjem på 1.730.000,-*

### **Samrøystes vedtak i Formannskapet - 28.11.2016**

1. Midsund kommunestyre vedtek budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020 i samsvar med framlegg frå formannskapet.
2. Budsjettet er bindande for drifta i kommunen.
3. Til finansiering av investeringer tek Midsund kommune opp 16 million kroner i lån til Antonbua kontor og næringshage, 4 million kroner til fotballhall og 14,1 million kroner til VA investeringer. Øvrige investeringer finansieres med ubrukte lånemidler.
4. Midsund kommune søker Husbanken om 3 million kroner i lån til Startlån.
5. Samla budsjetterte overføringar til Midsund sokn i 2017 på tilskot og tenesteyting kjem på 1.730.000,-

### **Behandling i Eldrerådet - 12.12.2016**

Rådmann Ketil Ugelvik orienterte om budsjett 2017 og økonomiplan 2017 – 2020.



### **Samrøystes vedtak i Eldrerådet - 12.12.2016**

Eldrerådet tek formannskapet sitt forslag til budsjett 2017 og økonomiplan 2017 – 2020 til vitande.

### **Behandling i Rådet for funksjonshemma - 12.12.2016**

Rådmann Ketil Ugelvik orienterte om budsjett 2017 og økonomiplan 2017 – 2020.

### **Vedtak i Rådet for funksjonshemma - 12.12.2016**

Rådet for funksjonshemma tek formannskapet sitt forslag til budsjett 2017 og økonomiplan 2017 – 2020 til vitande.

### **Behandling i Ungdomsrådet - 08.12.2016**

Økonomisjef Arild Sjøvik orienterte om budsjett og økonomiplan.

Forslag til vedtak:

Ungdomsrådet tek formannskapet sitt utkast til budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020 til vitande.

### **Samrøystes vedtak i Ungdomsrådet - 08.12.2016**

Ungdomsrådet tek formannskapet sitt utkast til budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020 til vitande.

### **Behandling i Kommunestyret - 15.12.2016**

Forslag frå Høgre:

«Auke ramme til Midsund skule på kr 35.000.

Finansiering: Leigeinntekt på basseng frå Montessori skulen.»

Fellesforslag frå Høgre, Venstre, KRF og FRP:

«Flytte 9,7 mill frå Antonbua 2017 til skuleprosjekt.

Flytte 9,7 mill frå skuleprosjekt 2018 til Antonbua:

Auke investeringsbudsjettet med 1 mill til 6 mill for 2017 og 2018 til Fkeirbrukshall. Brukast frå reformstøtte.

Flytte 562.000 frå 2019 til 2017 til vedlikehald av veg bak senteret.»

Votering:

Formannskapet sitt forslag fall med 8 røyster mot 9 røyster for fellesforslaget frå Høgre, Venstre, KRF og FRP.

### **Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016**

1. Midsund kommunestyre vedtek budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020 i samsvar med framlegg frå formannskapet og med dei endringar som kommunestyret har gjort.
2. Budsjettet er bindande for drifta i kommunen.
3. Til finansiering av investeringer tek Midsund kommune opp 8,3 million kroner i lån til Antonbua kontor og næringshage, 7,8 million kr i lån til nybygg Midsund skule, 4,8 million kroner i lån til fleirbrukshall og 14,1 million kroner til VA investeringer. Øvrige investeringer finansieres med ubrukte lånemidler.
4. Midsund kommune søker Husbanken om 3 million kroner i lån til Startlån.
5. Samla budsjetterte overføringar til Midsund sokn i 2017 på tilskot og tenesteyting kjem på 1.730.000,-
6. Auke ramme til Midsund skule på kr 35.000.  
Finansiering: Leigeinntekt på basseng frå Montessori skulen.

### **PS 16/105 Reguleringsplan Nygårdsvika Marine gnr. 52 bnr.4 og 22**

#### **Forslag til vedtak:**

Med heimel i plan – og bygningslova §12-3 er forlag til detaljreguleringsplan Nygårdsvika Marine godkjent med plankart, planbeskrivelse, planbestemmelser og konsekvensutredning datert 13.12.2016 **Plan ID 2016002**

#### **Behandling i Planutvalet - 15.12.2016**

Kommuneplanleggar Elin-Grete Vatnehol orienterte.

#### **Samrøystes vedtak i Planutvalet - 15.12.2016**

Med heimel i plan – og bygningslova §12-3 er forlag til detaljreguleringsplan Nygårdsvika Marine godkjent med plankart, planbeskrivelse, planbestemmelser og konsekvensutredning datert 13.12.2016 **Plan ID 2016002**

#### **Behandling i Kommunestyret - 15.12.2016**

Forslag frå Midsund Senterparti ved Magne Reiten:

«Detaljregulering For Nygårdsvika marine vert godkjent med plankart, planbeskrivelse og konsekvensutredning datert 13.12.2016 **Plan ID 2016002**. Godkjenning skjer med heimel i plan- og bygningslova §12-3.»

#### **Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016**

Detaljregulering For Nygårdsvika marine vert godkjent med plankart, planbeskrivelse og konsekvensutredning datert 13.12.2016 **Plan ID 2016002**. Godkjenning skjer med heimel i plan- og bygningslova §12-3.

## **PS 16/106 Budsjettendringar 2016**

### **Forslag til vedtak:**

I samband med årsavslutning 2016 gjer Midsund kommune nokre justeringar i gjeldande budsjett.

Endringane er innarbeid i budsjettskjema 1A/1B og 2A/2B.

Planlagt låneopptak for 2016 vert ikkje gjennomført og investeringane vert finansierte ved bruk av ubrukte lånemiddel.

### **Samrøystes vedtak i Formannskapet - 15.12.2016**

I samband med årsavslutning 2016 gjer Midsund kommune nokre justeringar i gjeldande budsjett.

Endringane er innarbeid i budsjettskjema 1A/1B og 2A/2B.

Planlagt låneopptak for 2016 vert ikkje gjennomført og investeringane vert finansierte ved bruk av ubrukte lånemiddel.

### **Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016**

I samband med årsavslutning 2016 gjer Midsund kommune nokre justeringar i gjeldande budsjett.

Endringane er innarbeid i budsjettskjema 1A/1B og 2A/2B.

Planlagt låneopptak for 2016 vert ikkje gjennomført og investeringane vert finansierte ved bruk av ubrukte lånemiddel.

Møtet vart heva kl 16:50.